

forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Referat frå fellesmøte Gloppen 14-15.november 2014

Deltakarar:

Marino Ask	Sogn og Fjordane Turlag, AU leiar
Alvar Melvær	Sogn og Fjordane Turlag
Ron Overdevest	Sogn og Fjordane Turlag
Reidun Seim Solberg	NJFF, fylkessekretær
Lars Olav Rylandsholmen	Kystlaget Hornelen, AU
Erik Solheim	Naturvernforbundet
Thorleif Jakobsen	Naturvernforbundet, Norges Speiderforbund
Anne Kristine Dyrdal	Kystparken Solund, prosjektansvarleg
Magne Sleire	Journalist
Peter Andresen	Gloppen padleklubb
Elisabeth Dahle	FNF koordinator
Geir Haugli	Ålesund og omland friluftsråd
Johnny Hjelle	Indre Nordfjord Turlag


Innleiarar, oppsummerarar:

Ann Helene Blakseth	Prosjektleiar Nordfjord Friluftsråd
Arne Lerum	Plansjef Luster kommune
Magne Sleire	Journalist, dokumentar og naturvern
Ron Overdevest	Naturvernutvalet i SFT
Thorleif Jakobsen, lysbilete & musikk	Hobbyfotograf
Elisabeth Dahle	FNF koordinator

Nordfjord Friluftsråd – Ope møte for innspel frå organisasjonane i Nordfjord og for andre interesserte ved *Ann-Helen Blakset, reisemål Stryn og Nordfjord / Nordfjord Friluftsråd*

Deltakarar
Organisasjon

Namn



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune	Joar Helgheim
Forum for Natur og Friluftsliv	Elisabeth Dahle
Gloppen kommune / Gloppen Padleklubb	Peter Andresen
Stryn kommune	Odd Rønningen
Reisemål Stryn & Nordfjord	Ann-Helen Blakset
NJFF Sogn og Fjordane	Reidun Solberg Seim
Uavhengig	Johnny Hjelle
Sogn og Fjordane turlag	Alvar Melvær
Folven Camping/Terrengsykling	Fred Syversen
Folven Camping/Terrengsykling	Felicia Skog
Harpefossen	Stein Bjørhovde
4H Sogn og Fjordane	Inger-Margrethe Sørland
Andre	
Kystparken	Anne Kristine Dyrdal
Ålesund og omland friluftsråd	Geir Haugli

Ann-Helen Blakset prosjektleiar for forprosjekt for etablering av friluftsråd i Nordfjord la fram informasjon om sjølve forprosjektet Friluftsråd i Nordfjord (*vedlegg*) og utkast til forprosjektrapport 2014 (*vedlegg*). Organisasjonane og frammøtte kom med innspel til arbeidsoppgåver og prioritering av desse, spesielt i høve oppstartsåret. Prosjektet er no presenterte for alle kommunane i Nordfjord. Neste steg vert å legge fram forprosjektrapporten for Nordfjordrådet.

FNF ved leiar i arbeidsutvalet Marino Ask og Elisabeth Dahle innleia til FNF fellesmøtet.

Korleis påverke og kva er relevante innspel til planarbeidet i kommunane ved Arne I. Lerum plansjef i Luster kommune.

Innføring og mini-plankurs for frivillige i natur- og friluftslivsorganisasjonane

Generell planorientering


Om dei ulike plantypene; samfunnsdelen, arealdelen, reguleringsplanar, temaplaner for folkehelse, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, sti- og løyper/gangvegar m.m

Korleis påverke. Relevante innspel, til kva plan og korleis.

PBL Plan og bygningslova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71?q=Lov+om+planlegging+og+byggesaksbehandling> gir kommunane vide fullmakter til å drive planlegging.

Kommuneplanen reviderast kvart 4. år.

Arealdelen i kommuneplanen: Kampen om areala skjer her! Ein engrosplan for bruk av areal.



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

1.del: Planprogram, omfattar det som arealdelen skal sette av areal til og legg føring for arealbruken.

Innspel: Knytt til friluftsliv, naturvern etc er det viktig å få inn her.

T.d.: Turveggar – må ikkje vere rassikre medan gang- og sykkelveg må vere rassikker og ha ein ROS-analyse utgreidd (Risiko- og sårbarheitsanalyse).

Jo tidligare inn i planprosessen ein gir innspel, dess større kraft til å påverke.

Alle områder som skal med i planen skal konsekvensutgreiast og administrasjonen kjem med sine tilrådingar.

Arealdelen, når den er godkjent i kommunestyret kan ikkje påklagast!

Staten kan komme med motsegn. Behandlast på fylkesnivå hjå alle «motsegnspartar» t.d vegvesen, fylkesmannen etc.

Overordna interesser må inn på kommuneplannivå!

Reguleringsplanar (meir detaljerte planar) gjev rett til å eksproprierast/oreigna grunn og må vere juridisk korrekte.

Valperioden:

Før valet: vert det laga ein kommuneplanmelding, kva har skjedd i høve planen.

Etter at nytt kommunestyre er på plass etter valet vert det laga ein

Planstrategi – der ein går gjennom kva planar kommunen har for kva, og vidare vedtar ein strategi for kva planar som skal utarbeidast og rullerast eller evt vedtakast slik dei ligg føre utan rullering. Ein kan og vedta å laga nye temaplanar t.d.

Samfunnsdelen – denne har ein tidshorisont på 12 år, men reviderast kvart 4. år og er eit program for utvikling av kommunen, satsingsområde m.m.

Lovverket:

Omsynssone – **vi** kan ha meining om kor store de bør vere og kor de skal vere eller kor de skal endrast!

Def. Av omsynssone i høve friluftsområde

- nær friluftsområde
- god tilrettelegging i området
- ikkje tilrettelegging i området

Utanfor PBL

- landbruksveggar i LNF-område
- anlegg etter energilova og vannressurslova

Dispensasjonssaker:

Kopling mellom arealdelen og kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftslivet

Nye reglar i PBL for LNF-område og bygningar/nye bygg


Arealdelen – innløyising til friluftsområde / friområde

LNF_r – omsynssone friluftsliv(r=rein) – da skal friluftslivet ha fortrinnsrett til området.

Område sett av til stilleområde.

Omsyn friluftsliv i LNF område. Omsyn natur i LNF område

Viktig i innspel:



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

- lokalkunnskap
- knytta til det planen omhandlar
- faglege og grunngejevne innspel

Reguleringsplanen – **klagerett** for alle landsdekkande eller omfattande org., som driv innan eitt virkeområde, organisasjon eller samanslutning - som har ein struktur som minner om ein org. og må ha ein viss varigheit over tid t.d. Informasjonskomiteen for Gaularvassdraget.

Middag i jaktstova av lokale råvarer, god mat og god drøs rundt bordet.

Laurdag 15.november:

Friluftslivets År

Innkorta: Korleis skal FNF arbeide med tema Allemannsretten og med friluftspolitiske spørsmål, vert tekne vidare i AU. Innspel i høve dette kan sendast FNF eller AU-medlem.

Vedlegg

Vassforvaltning, ny forvaltningsplan og tiltaksprogram på høyring

Vassforvaltningsplan med vedlegg og tiltaksprogram med vedlegg er på høyring no fram til 1.mars. Framlegget til prioriterte vassdraga som kan reviderast ligg inne i høyringa. FNF kan skrive felles høyringsfråsegn og ønsker konkrete og lokale innspel frå organisasjonane.

Vedlegg

Revisjoner, eldre vasskraftkonsesjonar som kan opp til revisjon ved Ron Overdevest, naturvernutvalet i SFT

NVE og Miljødirektoratet har laget ein gjennomgang av vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022.

Formål å betre miljøforholda i dei regulerte vassdraga med dei eldste konsesjonane.

Samarbeidsprosjekt på oppdrag frå OED og MD.


NVE/MD har prioritert dei vassdraga der det er berekna at samfunnsvinsten er stor nok og kan forsvare biotop forbeholdne tiltak og slepp av minstevassføring etc.

Prioritert liste er ikkje endeleg, kan ha manglar og vi kan gje forslag til endring i høyringsuttale til Forvaltningsplan og tiltaksprogram for SF vassregion.

Organisasjonane kan også samarbeide om å be om revisjon av prioriterte vassdraga og/eller be vassregionmyndigheten om å gjere det.

SFT ønsker å samarbeide med dei andre organisasjonane om dette arbeidet og konkrete revisjonssøknadar.

Vedlegg



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Friluftsråd i Nordfjord, – status for arbeidet og organisasjonane sin rolle vidare **Orientering frå prosjektleiar for forprosjektet ved Ann-Helen Blakset.**

Friluftslivssoppgåvene i fylket og i Nordfjord treng betre ivaretaking.

Reiselivet klarer ikkje løyse alle desse oppgåvene i si rolle.

Gevinsten ved auka fysisk aktivitet blant folk er svært stor i reine kronetal i form av betre helse og færre utgifter i helsebudsjettet, i tillegg kjem auka velvere og trivsel.

Kommunelova § 27 kan heimla interkommunale friluftsråd.

Kapittel 5. Interkommunalt samarbeid.

§ 27. Interkommunalt og interfylkeskommunalt samarbeid.

1. To eller flere kommuner, to eller flere fylkeskommuner, eller en eller flere kommuner og en eller flere fylkeskommuner, kan opprette et eget styre til løsning av felles oppgaver. Kommunestyret og fylkestinget gjør selv vedtak om opprettelse av slikt styre. Til slikt styre kan kommunestyret eller fylkestinget selv gi myndighet til å treffe avgjørelser som angår virksomhetens drift og organisering.

Kongen kan gi pålegg om opprettelse av styre som nevnt i første ledd.


2. Vedtektene for det interkommunale styre skal inneholde bestemmelser om:

- a. styrets sammensetning og hvordan det utpekes,
- b. området for styrets virksomhet,
- c. hvorvidt deltakerkommunene skal gjøre innskudd til virksomheten,
- d. hvorvidt styret har myndighet til å ta opp lån eller på annen måte pådra deltakerne økonomiske forpliktelser,
- e. uttrede fra eller oppløsning av samarbeidet.

3. Den enkelte kommune og fylkeskommune kan i alle fall med ett års skriftlig varsel si opp sitt deltakerforhold i det interkommunale samarbeid og kreve seg utløst av det. Utløsningssummen fastsettes til andelens nettoverdi ved oppsigelsesfristens utløp, men ikke til mer enn verdien av de midler vedkommende kommune eller fylkeskommune har skutt inn.

Oppsigelse av avtale om interkommunalt styre kan bringes inn for departementet. Departementet kan gi pålegg om at samarbeidet skal fortsette i et nærmere bestemt tidsrom eller inntil videre, hvor samfunnsmessige interesser eller hensynet til samarbeidende kommuner tilsier dette.

⁰ Endret ved lover 10 jan 1997 nr. 8 (ikr. 1 mars 1997), 29 jan 1999 nr. 5 (ikr. 1 jan 2000 iflg. res. 22 okt 1999 nr. 1097), 12 des 2003 nr. 114.



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Gevinst ved tilrettelegging for det frivillige ved auka innsats er omlag ein 4-dobling i tilsvarande tal i kroner.

Og: For kvar krone kommunane puttar inn får dei 5 kroner i tillegg i statleg støtte og støtte frå FL.

Oppgåver:

Kart, info og brosjyremateriell.

Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i kommunane. Sikring av friluftsområde.

Formidling ut til skule og barnehage med opplegg til læring i friluft.

Interkommunale friluftsråd skal fylle det rommet og dei oppgåvene som ligg mellom det offentlege i kommunane og dei som frivillige organisasjonar driv.

Friluftsråd kan vere eit kontaktledd som kan gjere livet lettare for organisasjonane utan at dei tek over deira oppgåver.

Rapporten ut på høyring i desember før levering til Nordfjordrådet.

Vandring er Reisemål Stryn & Nordfjord sitt største satsingsområde

- vestlandsprosjektet – samarbeidsprosjekt har hatt prioritet hjå Gjensidige – samarbeidet har fungert godt – men treng no auka oppfølging og kvalitetssikring.

Sjå vedlegg for meir informasjon

Naturvernet sine kår i Norge ved Magne Sleire, journalist, dokumentar, naturvern.

1970- vendepunkt i Norge

Mardøla aksjonen med stor folkelig mobilisering

Ein fekk sett fokus på naturverdier

Trading – kjøp og sal av straum har blitt ein ny marknad -det gir dobbelt tap av energi på transport pga dobbel transport. Ein mann i Norge har visstnok blitt særskild rik på trading.

Pumpekraftverk – taper 35 % - vert vatnet pumpa/sendt 3 gonger har ein tapt nær 100 %


Arbeidsform, aksjonsform og folkelig engasjement

Då det folkelege engasjementet var som størst hadde organisasjonane lite midlar, knapt nokon tilsette, men det spontane folkelege presset var tydeleg og stort, og dei fekk plass i media.

No er mange «miljø»organisasjoner godt bemidla med ein stor stab, men de opererer svært byråkratisk medan det folkelege engasjementet er lite og svakt.

Vedlegg

Årsplan, strategiplan og budsjett 2015



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Årsplan 2015:

Godkjent slik den var lagt fram utan endring

4-års plan 2013-2017 endring:

Friluftslivets År 2015 lagt inn under året 2015

Strategiplan 2015:

Godkjent slik den var lagt fram utan endring

Budsjett 2015:

Godkjent slik det låg føre, men med oppmoding om at ein til neste budsjettperiode finn løysing for å skaffa inn friske midlar til å støtte organisasjonane i sitt arbeid med skriving av høyringsfråsegner.

Lysbilete ved Thorleif Jakobsen, NVF.

Vi fekk ein nydeleg, stemningsfull og gripande avslutning i bilete og tonar frå Thorleif.

Bilete av høg kvalitet. I sum, reflekterte desse kvifor vi alle er opptekne av å ta i vare naturen vår. Den er vakker, unik og livgjevande.

Lunsj, fellesfotografering ute og heimreise.

FNF vil takke alle deltakarar for eit godt og triveleg fellesmøte!

Elisabeth Dahle

– referent -

Tips til filmar i fjor for dei som enno ikkje har sett dei:

Wall I (animasjonsfilm)

Chengdu